

KOMMUNEREFORMA - NYHENDE NR. 5 – OKTOBER 2015

BREV FRÅ STATSRAÐ JAN TORE SANNER

Statsråd Jan Tore Sanner har sendt [brev](#) til alle kommunestyra i landet med informasjon om det vidare arbeidet med kommunereforma. Brevet er særleg nyttig for dei nye folkevalte som no skal bli involvert i prosessen.

FRAMDRIFTA MED KOMMUNEREFORMA

I Nyhende nr. 4 omtala vi forslag til [milepælsplan](#). På kontaktpersonsamlinga 29. september var det semje mellom kommunane, regionråda og Fylkesmannen at det var nyttig for alle partar å ha «**ein siste frist**» plan for arbeidet med kommunereforma frametter. Nabokommunar vurderer å gjennomføre innbyggjarhøyring og/eller folkerøysting på same dato eller i same tidsrom.

OPPHØR AV INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Mellom kommunane i Møre og Romsdal er det etablert ei rekke interkommunale samarbeid. Fylkesmannen vil i løpet av **november 2015 sende ut eit brev til kommunane som gjev rettleiing på temaet «opphør av interkommunalt samarbeid»**. Dette vil også vere tema på ordførarsamlinga den 11. november 2015.

I samband med kommunereforma vil det vere nyttig for kommunane å gå gjennom dei ulike interkommunale samarbeida dei er med i. Kommunane bør i prosessane frametter vurdere behovet for interkommunalt

samarbeid ut i frå korleis den nye kommunen vil sjå ut.

DET NYE INNTEKSTSSYEMET

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har varsla at det nye inntektssystemet som skal gjelde frå 2017 kjem på høyring til kommunane før jul.

KVA HENDER FRAMOVER

6. nov. 2015 – Scandic Seilet hotell, Molde

Fylkesmannen og KS arrangerer [kurs](#) i **scenarier som metode for å forstå framtida**.

11. og 12. nov. 2015 – Alexandra hotell, Molde

Fylkesmannen arrangerer [samling](#) for ordførarar, varaordførarar og rådmenn 11. nov frå kl. 14.30 med tema **kommunereforma**.

Dagen etter, den 12. nov. er det [samling](#) for ordførar/varaordførar og beredskapsansvarleg med tema **beredskap**.

6., 7., 13. og 14. januar 2016. - Politkaropplæring.

Målgruppe:

Kommunestyra. Kontaktpersonar for kommunereforma og administrativ leiing kan og delta.

Innhald:

I plenum: Kommuneøkonomi, kommunereform, kommunelov, med sakshandsamingsreglar i folkevalte organ, planlegging etter plan- og bygningsloven.
Parallell sesjonar: Tema frå miljøvern, landbruk, oppvekst- og utdanning, helse og sosial og justis og beredskap.



FYLKESMANNEN HAR ORDET

Fylkesmannen merkar seg at arbeidet med kommunereforma har teke seg opp igjen etter hektiske valmånader. Stortinget har som kjent fatta vedtak om at kommunane skal gjennomføre ein prosess for å sjå på framtidig kommunestruktur for sin kommune. I utgreiingane skal det kome fram minst eitt faktabilete som innbyggjarane kan høyrast på – utover fakta om å halde fram som eigen kommune:

- **Kommunen skal utgreia minst eitt alternativ for å bygge ein ny kommune saman med ein eller fleire nabokommunar**

Dei store utgreiingane i regionane i Møre og Romsdal er sluttført, og kommunane samlar no opp fakta for å gå over i neste fase. I denne fasen skal kommunane gå frå det som til no har vore nabopratar til meir «formelle» forhandlingar om å bygge ein ny kommune. Innan 1. juli skal kommunane ha fatta vedtak om ønska framtidig kommunestruktur.

Inndelingslova § 10 seier at innbyggjarane bør høyrast før kommunestyret fattar vedtak om ei eventuell samanslåing. Det er opp til kommunestyret å velje kva type høyringsmetode dei vil nytte i kommunen. Dei ulike høyringsmetodane kan ha ulike effektar på prosessen fram til vedtak.

- **Fylkesmannen tilrår å gjennomføre innbyggjarhøyringa som innbyggjarundersøking framfor folkerøysting. Ei innbyggjarundersøking vil i større grad få fram nyanserte synspunkt som igjen kan legge til rette for dialog og medverknad, og det gjev eit betre grunnlag for kommunestyret når dei skal fatte avgjerda si.**

Dersom kommunestyret ønskjer folkerøysting er det ein viktig føresetnad at det på førehand har vore ein opplyst debatt med brei medverknad frå innbyggjarane. Kommunane bør gjennomføre eit retningsval og ei innsnevring av alternativ. Fordelar og ulemper ved dei ulike alternativa må vere godt opplyst. Dersom det ligg føre intensjonsavtaler vil det gje eit godt utgangspunkt for ei folkerøysting.

Det er kommunestyret som til slutt skal ta den endelege avgjerda om framtidig kommunestruktur ut i frå dei fakta som føreligg. Etter dette skal Fylkesmannen gjere si tilråding ut i frå ei heilskapleg vurdering. Stortinget vil til slutt gjere dei endeleg vedtaka våren 2017.

